



Radøy kommune  
teknisk etat  
5936 MANGER

[postmottak@radøy.kommune.no](mailto:postmottak@radøy.kommune.no)

23. mai 2014

**Gnr. 17 Svena, del av bnr. 3.  
Justert framlegg til reguleringsplan.  
Plan ID 12601214000200.  
Fråsegn frå Hordaland Fylkeskommune, datert 15. 05. 2014.**

Eg viser til kommunens brev av 19. 05. 2014, med Fylkeskommunens fråsegn av 15. 05. 2014 og epost av same dato frå rådgjevar Anne-Kathrine Vabø som vedlegg.

Forslagsstillar Kjell Bjørøy har fått opplyst over telefon at Radøy kommune no ventar at hans konsulent leverer inn ein skriftleg kommentar til fråsegna frå Fylkeskommunen.

Tidlegare oversend melding frå Fylkeskommunen :

**Fra:** Anne-Kathrine Vabø <Anne-Kathrine.Vabo@hfk.no>  
**Sendt:** 29. april 2014 15:17  
**Til:** Kjersti Flatråker  
**Emne:** Rossnes - gnr 17 bnr 3 - detaljreguleringsplan for Svena fritidsbustader - Radøy kommune

Hordaland fylkeskommune har vesentlege merknader til planforslaget. Vi vurderer å tilrå motsegn. Grunngevinga er omsynet til regionale friluftsiinteresser og strandsona.

Motsegn skal handsamast politisk og vil krevje lengre sakshandsamingstid.

Vi ber no om:

1. Drøftingsmøte med kommunen så snart som råd.
2. Utsett frist til 10. juni 2014 (*Sjå Rundskriv T-2/2003 frå Miljøverndepartementet punkt 3.4*)

Beste helsing

**Anne-Kathrine Vabø**  
Rådgjevar  
Regionalavdelinga | Planseksjonen



Tlf.: 55 23 93 32 | e-post: [anne-kathrine.vabo@hfk.no](mailto:anne-kathrine.vabo@hfk.no)  
[www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan)

I epost datert 13. 05. 2014 til forslagsstillar Kjell Bjørøy skriv kommunen :

*Som lova på telefon får du nå ein liten tilbakemelding etter dagens møte mellom Hordaland fylkeskommune og Radøy kommune.*

*Fylkeskommunen tok opp mange ting på litt generelt grunnlag og spesielt i forhold til dykkar plan på Svena. Dei konkluderte ikkje med vegen vidare, men det kan sjå ut som om det kjem ein merknad og ikkje eit motsegn som må politisk handsamast. Dei lova å skrive ei oppsummering i brev til kommunen ganske snart.*

*Dei varsla at dei har merknadar til både planen og det planfaglege samt til planprosessen. Det er jo litt spesielt at den har teke lang tid og at den vart starta etter gammal plan- og bygningslov og no heldt fram etter ny.*

*Som sagt skal me få høyre i frå dei ganske snart og me tek kontakt med dykk når me veit noko meir.*

Eg har ikkje fått anna referat frå drøftingsmøtet mellom kommunen og fylkeskommunen.

Det er no ikkje lenger tale om ei motsegn som krev politisk handsaming, heller ikkje ein merknad eller ein uttale, men ei **fråsegn**.

Det er uklårt kva mål Fylkeskommunen har med dette innspelet. Fråsegna inneheld ei rekkje faktafeil.

Det er overraskande at Fylkeskommunen tek opp detaljspørsmål i tilknytning til den godkjende og delvis opparbeidde sjøvegen.

Det er også underleg at Fylkeskommunen ønskjer å starta ein diskusjon om kven som skal har rett til å nytta båtplassane basert på tolking av Sosi-koder i Nasjonal Produktspesifikasjon.

Fylkeskommunens krav til planinnhald i utvida plan er i strid med kommuneplanen.

Siste nummer av tidsskriftet PLAN (nr. 2/2014, side 34) har ein interessant artikkel :

## MIXED-SCANNING I VÅGAN KOMMUNE

Politikerne i Vågan vil så gjerne planlegge. Vise hvilke ambisjoner og intensjonsjoner som de har med utviklingen i kommunen. De erkjenner at kommuneplanen burde vært fornyet. Den planen som de nå «kjører etter» er jo fra 2002. Men politikerne orker ikke å hive seg inn i planlovens enorme vekt på rasjonalitet. Er de rett og slett «plantrotte»? Eller er de heller fornuftige mennesker, som ikke tror på denne store rasjonaliteten som ledestjerne?

### Plantrotte politikere?

Grunntanken i norsk planlegging er at arbeidet skal være enkelt og drives fram gjennom et sterkt folkevalgt engasjement. Men praksis er at planlegging består av komplekse prosesser, rammeverk og relasjoner. I Vågan kommune i Nordland lar de folkevalgte seg ikke engasjere av denne planforståelsen. De omtaler seg som «plantrotte».

Her ligger det en kjempestor pedagogisk oppgave. De som er valgt inn i kommunestyret og gitt oppgaven som øverste instans i planarbeidet, har i utgangspunktet sjelden kunnskapene som trengs for å fylle denne oppgaven. Samtidig kjenner de folkevalgte terrenget og arealforholdene på en annen og mer direkte måte enn gjennom digitale kart. Men når de føler seg «plantrotte», er det da et opprør mot planlovens rasjonelle intensjoner og forståelse? Eller er det et uttrykk for en annen måte å tenke planer på? En måte som ikke alltid krever de svært omfattende utredninger, men som likevel ivaretar det opplagte behovet for å «se inn i framtidens muligheter».

Sitat frå artikkelen : "...Fylkeskommunen som overordnet regional planaktør har altså utstyrt seg selv med et batteri på i alt 73 retningslinjer!....."

I Vågan har ein difor, slik eg forstår det som kjem fram i artikkelen, stilt den formelle kommuneplanlegginga i bero, til fordel for meir uformelle langtidsvisjonar og konkret prosjektplanlegging gjennom reguleringsplanar som vert avgjort i direkte dialog med departementet, over alle ömotseiaraneö på fylkesnivået.

Frå Fylkesmannen i Hordaland ligg det føre slik melding i denne saka :

<b>Fra:</b>	fmhopostmottak@fylkesmannen.no
<b>Sendt:</b>	23. april 2014 08:56
<b>Til:</b>	Postmottak Radøy
<b>Emne:</b>	Offentleg ettersyn - Radøy - Gnr 17 Bnr 3 - Rossnes - Svena fritidsbustader - Reguleringsplan

hei,

Vi visert til brev datert 03.03.2014 og detaljplan for Svena fritidsbustader. Fylkesmannen har ingen merknader til det offentlege ettersynet av planen.

mvh

Jan Vidar Voster  
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga  
Fylkesmannen i Hordaland

I følgje opplysningar i media skal fylkesmennene få eit klårare koordineringsansvar når det gjeld motsegner til reguleringsplanar. Hordaland er visstnok eitt prøvetylke i denne samanheng.

Ut over dette har eg lite å leggja til, bortsett frå å påpeika det sjølvsgde ; at kommunens som planstyresmakt i denne saka fritt kan sjå bort frå Fylkeskommunens fråsegn.

Med helsing



Kopi :

- Kjell Bjarøy, kjell.bj@online.no